


Det skal være minimum 30 cm frå sotluke til brennbart materiale. Avstandskravet gjeld opp, ned, til begge sider og rett fram. Årsaka til kravet er fare for spreiring av brann via stråling frå sotluka. I ein eventuell brannsituasjon kan temperaturen i skorsteinen bli over 1 000 grader. Krava til sotluke er finn du i Byggforskserien, Byggdetaljblad 552.135.

Utbetring av ein slik mangel **kan** m.a. gjerast på følgjande måtar:

1. Fjern brennbart materiale.
2. Brannmurplate, t.d. silikaplater, supaluxplate eller anna plate med tilsvarande eigenskapar og som også har overflate klassifisert B-s1, d0 (**metallplater kan ikkje brukast**), plasserer du på aktuelt område på vegg eller golv. Plata kan målast med eigna måling eller dekkast til med materiale som ikkje kan brenne som t.d. flis eller stein.
3. Brannstein/sotlukestein for den aktuelle skorsteinstypen (Leca sotlukestein for Leca skorsteinar, Icopalstein for Icopalskorsteinar osv.) kan setjast inn i sotluka. Er skorsteinen eldre enn frå 1994 må steinen tilpassast. Med brannstein på plass i sotluka, må avstanden til brennbart materiale vere i samsvar med krava som står i dokumentasjonen/monteringsretteleinga som følgjer steinen. Eldfast stein, t.d. Skamotec 225 eller tilsvarande, kan nyttast i teglskorsteinar under føresetnad av at den er minimum 100 mm tjukk, dekkjer heile sotlukeopninga og at den kan takast ut med eit enkelt handgrep. Avstand frå sotluka til brennbart må da vere minimum 10 cm med sotlukestein i teglskorstein. Siporex kan også brukast under same føresetnader som nemnt framanfor, den skal dekkje heile arealet til sotluka, tjukkeleiken skal vere tilnærma lik skorsteinen.
4. Sotluke kan flyttast til ei anna side av skorsteinen.



NB! På en del eldre skorsteinar bygde før 1969, er det krav om 50 cm avstand.

Vi minner om Forskrift om brannførebygging kapittel 2, som gjeld førebyggjande plikter for eigaren av byggverk. Eigar av eit kvart byggverk skal syte for at dette er bygd, vert nytta, utstyrt og halde ved like i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.